



I gamle dagar vart det sagt og skrive mykje om draumeisen i Alma Ata og Davos. Men også her i Uskedalen kan vi lokka med god is kvart einaste år - i går var det framifrå is på Fjellandbøvatnet.

Og sjølvaste lensmannen, Sigurd Børve, kunne garantera at han var tjukk nok og slett ikkje farefull.

Målingar på mange stader hadde vist at han var åtte-ni centimeter tjukk. Men det var klokt å vera litt varsam og sjå godt etter råkar og 'dobbeltis'. På biletet er det Kenneth og Robert Stensletten som gjer seg klare for seongstarten.

Truleg såg folk på termometeret og visste ikkje om dei fine tilhøva, for då uskedalen.no var innom vatnet ved høgstdagsleite var det berre 13 i aksjon der.

(Foto: Ola Matti Mathisen)